

ODD ARILD DALE

Dagleg leiar Frydenbø Opus AS

Bilane våre vert stadig betre, men mange av vegane i Sogn og Fjordane utviklar seg ikkje i same grad og desse treng eit realløft. Fylkesveg 615 er ein av desse vegane. Skal fylkessenteret utvikle seg vidare er det behov for å knyte seg til eit større omland. Realisering av Midtvegen 615 vil bidra til dette.



Å skape fleire og større bu-, arbeids-, service- og kulturområde trur eg er avgjerande for å få folkevekst i Sogn og Fjordane. Å knyte saman dei tre mest folkerike delane av fylket vil virke positivt i denne samanheng.

Vi i Frydenbø Opus, ynskjer fleire fornøgde kundar. Nye vegar i Førde sitt omland vil også gjere det lettare å yte god service både for nye og gamle kundar. Det er viktig at kundane våre kan komme seg fram på ein trygg og effektiv måte.

GUSTAV JOHAN NYDAL

Mangeårig direktør ved skipsverftet i Florø, styreformann i Fram Flora AS, styreformann i Polarny Maritime D&E AS, styremedlem i iVest Consult AS, småbrukar og lokalpolitikar



Ein skikkeleg veg mellom Storebru og Sandane vil vere svært viktig for å kunne knytte Flora og midtre og indre delar av Nordfjord mykje nærare kvarandre. Industrien i Flora treng leverandørar og arbeidskraft som kan bidra til å styrke bedriftene si konkurransekraft.

For industrien i Flora vil opprusting av FV 615 kunne bidra til eit mykje tettare samarbeid med bedrifter i Gloppen og midtre/indre Nordfjord, og vil også bety at ein kan sjå på Gloppen og Flora som ein felles bu og arbeidsmarknad.

Det betyr at bedriftene knytta til oljeindustrien på Fjord Base som Statoil, GDF Suez, BG, INC og andre servicebedrifter, Verftsindustrien som Westcon Yards, WIS, FMV, Provide, Fjordpipe, Vestnes etc, bedriftene knytta til fiskeoppdrett Ewos, Slakteriet etc, Rederi som Fjord1, og mange andre industribedrifter som Nortekstil, H-vinduet Bauge, Norblikk, Skanska, etc vil kunne auke sitt tilfang av lokale/regionale samarbeidspartnarar og kvalifiserte medarbeidarar.

SIGMUND VEREIDE


Leiar i festivalforum

Gloppen kommune har eit rikt kulturliv og i 2011 vart vi kåra til årets kulturkommune i landet. Det var Norsk kulturindeks, utarbeidd av Telemarksforskning, som plasserte Gloppen kommune på topp. Vi kan også vise til andre gode kåringar. Gjennom sommarhalvåret og utover hausten har Gloppen eit festivalprogram med ingrediensar for ein kvar smak, og som i stor grad blir drifta på dugnad. Her vil du heilt sikkert finne noko du likar!

Ein opprusta og betre fylkesveg 615 vil gjere det lettare for fleire å ta del i det rike kulturlivet i Gloppen.



Vi ønskjer å knyte saman Sogn og Fjordane til ein stor arbeidsmarknad



MILEPELAR:

2007

Oppstart arbeidsgruppe fylkesveg 615.

2009

Fylkestinget: Kom inn på uprioritert marginalliste for store vegprosjekt.

2012

Interimstyre vegselskap.

2013

Midtvegen 615 skipa. Fylkestinget: 8.plass RTP (store vegprosjekt).

2014

Pådrivararbeid kommunedelplan. Gloppen kommune: Løyver 2 mill til kommunedelplan (2017).

2015

Samferdsleutvalet: Fylkesveg 615 vert endra frå lokal hovudveg regional hovudveg.

Våre 3 på topp

- for ein tryggare veg



Sandane - Bukta
Gang og sykkelveg



Høgemuren har det meste av det verste:
Bratt, smal, sving og dårleg sikt.



Hopsstranda
Rassikring.



Midtvegen 615 skal bli ein regional hovudveg for framtida. Dagens veg, som ligg der i dag, har den lengste flaskehalsen av dei regionale hovudvegane i fylket.

Ein ny og opprusta veg vil knyte saman dei tre mest folkerike områda i fylket: Midtre Nordfjord, ytre Sunnfjord og midtre Sunnfjord.

Vil du bli med på å arbeide for å kople saman dei tre mest folkerike områda i fylket? Alle nye støtte-spelarar er velkomne.

Du kan støtte oss på 3 ulike nivå

- Positiv til ide og prosjekt (passiv støtte)
- Støtte selskapet med ei gåve
kto. nr. 3705 24 48906
- og det er plass til fleire aksjonærar
(60 aksjonærar pr. 1. august 2015)

MIDTVEGEN615
■ BIND SOGN OG FJORDANE SMAN

Kontaktopplysningar:
MIDTVEGEN 615 AS
ved Olav Klungre - 6829 HYEN
Tlf: 97 16 61 31
Epost: midtvegen615as@gmail.com

www.midtvegen615.no
www.gulstripe.no

A til Å - www.atilaa.no



Midtvegen 615
-bind Sogn og Fjordane saman

**Livsnerven mellom Nordfjord
og Sunnfjord der handel,
industri, kultur og folket møtast**

MIDTVEGEN615
■ BIND SOGN OG FJORDANE SMAN

www.midtvegen615.no
www.gulstripe.no